

Berekraftsrapport 2022 YMSIR AS

OM YMSIR AS:

- Kontoradresse: Peak Sunnfjord, Hafstadvegen 23, 6800 Førde
- Forretningsadresse: Middagsteigen 8, 6810 Førde
- Org.nr. 925 928 216 – stifta 21.10.2020
- Formål: Bedriftsrådgjeving og konsulenttenester
- Aksjeselskap, ein eigar (Anne Mette Hjelle)
- Dagleg leiar / styremedlem er Anne Mette Hjelle (foto). Dag Solheim er styreleiar.
- Selskapet er registrert i foretaksregisteret, mva. registeret og arbeidsgjavarregisteret. Ikke revisorpliktig.

2022 var selskapet sitt andre fulle år, og året det skifta namn frå Anne Mette Hjelle AS til YMSIR AS. Selskapet har framleis ein tilsett, men samarbeider fast med andre leverandørar med god kompetanse innan kommunikasjon og berekraft.

Dette dokumentet seier noko om kva som kjenneteiknar selskapet, og korleis det påverkar økonomi, menneske, klima og miljø. Den fortel kva risikoar og moglegheiter vi ser opp mot berekraftsmål. Her kan du lese kva dei er, og kva vi har prioritert.



Det er viktig også for små verksemder å vere opne om korleis ein påverkar klima og miljø, sosiale forhold og økonomi/drift (ESG). Slik blir vi ein del av innsatsen for å sikre vår felles framtid. Difor støttar også selskapet UN Global Compact og forpliktar oss til dei 10 prinsippa for ansvarleg næringsliv.

(Anne Mette Hjelle, eigar/dagleg leiar)

Meir om selskapet

Overordna mål

Selskapet har som mål å bidra til å skape eit berekraftig samfunn gjennom å tilby rådgjevingstjenester innan leiing, kommunikasjon og berekraft.

I det ligg å skape positive verdiar for menneske, miljø og selskap i eit lengre perspektiv. Målet er forankra i strategien.

Selskapet bygger strategi på og bidrar til FN sine 17 retningsgivande berekraftsmål, men desse har vi definert som mest relevante:

- Nr. 8 *Anstendig arbeid og økonomisk vekst*
- Nr. 12 *Ansvarleg forbruk og produksjon*
- Nr. 17 *Samarbeid*

Selskapet påverkar mange av måla positivt gjennom strategisk rådgjeving og prosjektarbeid, både på kort og lang sikt. Eigar påverkar også i rolla som styremedlem i andre selskap. Som medlem i UN Global Compact, forpliktar selskapet seg ikkje berre til berekraftsmåla, men også til dei 10 prinsippa for ansvarleg næringsliv.

Interessentar og utgifter

Dei fem største kundane:

1. IT-Forum Vest
2. Sunnfjord Utvikling AS
3. Sunnfjord kommune
4. Framtidsfylket AS
5. Helse Førde Hf

Dei fem største leverandørane:

1. Vestind AS
2. Fjordvekst AS (kontorleige)
3. Nordea Liv AS (pensjon)
4. Stine Bortheim Design
5. Peak Sunnfjord AS

Styremedlem i andre selskap

1. Nok. Norge
2. Peak Venture AS
3. Fjordvekst Holding AS
4. Fjordvekst AS
5. Sunnfjord Miljøverk IKS
6. Dag og Tid AS (avslutta mai -22)

Dei fem største utgiftspostane:

1. Lønn
2. Feriepengar
3. Arbeidsgjevaravgift
4. Leige av kontorlokale
5. Fremmedytelse og underentreprise

Investeringar

Peak Venture AS (tilsvarande 0,56%)




Dei 17 berekraftsmåla, med 169 delmål, blei vedtekte på FN si generalforsamling i 2015, med tilslutning frå alle medlemslanda. Dei omfattar alle land og berører alle delar av samfunnet. Tilsaman gir dei ei felles global retning for land, næringsliv og sivilsamfunn. Måla, saman med FN sine 10 prinsipp for ansvarleg næringsliv, stakar ut retningen for eit ansvarleg og berekraftig næringsliv. Dei 10 prinsippa rettar seg mot menneskerettar, arbeidsliv, antikorruption og miljø:

- 1) Bedrifter skal støtte og respektere vern om internasjonalt anerkjente menneskerettther, og 2) påse at de ikke medvirker til brudd på menneskerettighetene.
- 3) Bedrifter skal holde organisasjonsfriheten i hevd og sikre at arbeidstagers rett til å føre kollektive forhandlinger anerkjennes i praksis, og 4) avskaffe alle former for tvangsarbeid, 5) sikre reell avskaffelse av barnearbeit, og 6) sikre at diskriminering i arbeidslivet avskaffes.
- 7) Bedrifter skal støtte en føre-var-tilnærming til miljøutfordringar, og 8) ta initiativ til å fremme økt miljøansvar, og 9) oppmuntre til utvikling og bruk av miljøvennlig teknologi.
- 10) Bedrifter skal bekjempe enhver form for korruption, inkludert utpressing og bestikkelsjer.

Vesentlege tema

Basert på vurdering og analyse av risiko og vesentlegheit, bransjekunnskap og dialog med interessenter, er desse tema vurdert å vere dei mest vesentlege for Ymsir AS:

- Samarbeid med andre for å nå mål. Støtte til både lokale og internasjonale initiativ som er relevante for vår bransje og berekraftsarbeid. *Peikar mot nr. 17 - samarbeid.*
- Stimulere selskap til å innføre berekraftige arbeidsmetodar og integrere informasjon om berekraft i sine rapporteringsrutinar. *Peikar mot nr. 12.6 - ansvarleg forbruk og produksjon.*
- God kvalitet og kundehandtering: Tillit og kompetanse, klare avtalar, god kommunikasjon, effektive system, verdiar. *Peikar mot nr. 8 - anstendig arbeid og økonomisk vekst.*





Resultat og status 2022 – ESG

Vi har valgt å rapportere med utgangspunkt i dei tre dimensjonane for berekraftig utvikling, ESG: klima og miljø (E), sosiale forhold og samfunnsansvar (S) og selskapsstyring (G).

KLIMA OG MILJØ (E)

Selskapet har berre ein tilsett og driv med tenesteytande næring (konsulent- og rådgjevingstenester) i leigd kontorlokale i kontorfellesskapet Peak Sunnfjord. Her er risikoene for direkte negativ påverknad vurdert å vere låg.

Scope 1: Selskapet har ikkje eigne køyretøy og forbrukar verken olje eller gass.

Scope 2: Indirekte utslepp i form av elektrisitet er styrt av huseigar, men selskapet leiger ca. 25 kvm, inkl. fellesareal. Dette er ikkje ein vesentleg storleik. Vi styrer ikkje innkjøp og overordna justering av temperatur, anna enn at vi regulerer ovn etter temperatur. Det er automatisk lysregulering på kontor og i fellesareal. Vi har ikkje klart å få tilgjengeleg data for det totale forbruket av straum og vatn i kontorfellesskapet. Selskapets datalagring skjer primert i Google Disk. 8,03 GB av 30 GB er brukt per 31.12.2022 (selskkapsdata overført til ny konto i 2022).

Scope 3 er den mest relevante for selskapet, men først og fremst nedstrøms (bruk av tenester og investeringar). Selskapet har i 2022 brukt mykje tid på å utvikle tenester innan berekraft retta mot små og mellomstore bedrifter.

Dei fleste møter er på video og det er difor marginalt med reising i selskapet. Det var ingen flyreiser i 2022, men buss til og frå Bergen og elles bilbruk i Sogn og Fjordane, primert med elbil. Vi har ikkje data over den totale mengda avfall, men vi sorterer i størst mogleg grad. Vi har etterlyst betre sorteringsløysingar i kontorfellesskapet Peak.

SOSIALE FORHOLD OG SAMFUNNSANSVAR (S)

Tillit er ein viktig faktor skal selskapet ha ei framtid. Samfunnsansvar er vesentleg:

- Selskapet har arbeidskontrakt, pensjonsordning og legg vekt på opplæring og relevant etterutdanning. Vi legg vekt på arbeidsrettar og anstendig arbeid også i leverandørkjeden og gjer løpende risikovurdering.
- Selskapet var i 2022 medlem av Sogn og Fjordane Næringsråd, NHO Abelia, Global Reporting Initiativ (GRI) og Styreforeningen. Vi slutta oss til FNs Global Compact.
- Lokal verdiskaping er prioritert. Selskapet eigde per 31.12.21 667 aksjar (tilsvarende 0,56%) i investeringsfondet og -nettverket, Peak Venture. Det igjen eigde aksjar i Eduplaytion, Norse Feedback, Evoy, Moovin og Rocketfarm. Hjelle er også med i Peak Venture gjennom det familieeigde Fjordvekst AS, som eig 5,62%. Hjelle er med i styret for Peak Venture.
- Vi kjøper inn varer og tenester mest mogleg lokalt.
- Hjelle jobbar som styremedlem i stiftinga NOK Norge, Fjordvekst Holding AS, Fjordvekst AS, Sunnfjord Miljøverk IKS. Les meir på brreg.no.
- Hjelle deltok på dugnad i juryarbeid for Ungt Entreprenørskap i Vestland i 2022.

SELSKAPSSTYRING (G)

- Selskapet tek omsyn til samfunnsansvar i strategien og er i dialog med interessentergrupper for å avdekke risiko og vesentlegheit knytt til ESG.
- Selskapet har policy for berekraftig forretningspraksis, inkl. nulltoleranse for korруpsjon.
- Selskapet starta i 2021 å utvikle nye tenester knytt til berekraftsarbeid og desse er utvikla vidare i 2022, då vi også inngjekk avtale med Sunnfjord Utvikling om tilbod retta mot SMB.
- Selskapet har eit overskot i 2022 på NOK 42 029,83. Timeføring, fakturering og rekneskap blir ført i Fiken. Bankavstemming skjer regelmessig. Resultat og balanse blir vurdert regelmessig av styreleiar. Frå 2022 har Dag Solheim rolla som styreleiar. Selskapet har såleis styrka kompetanse i styrearbeid og økonomistyring.
- Hovudprogramvare i 2022 var TeamGantt (prosjektverktøy) og Google Workplace (dokumenthandtering, kommunikasjon m.m.). Office 365 blir brukt ved behov og i møte med kundar som foretrekker det.
- Vi brukar totrinns-autentisering i dei fleste programvarer og går årleg gjennom risikobildet internt. Eigar/tilsett har oppdatert seg i 2022 på it-sikkerheit gjennom å delta på fleire konferanser om tema.
- Selskapet legg vekt på openheit og deler informasjon om korleis vi tek ansvar med offentlegheita på eiga nettside.
- Det er ikkje relevant for eit einedig selskap å ha valkomite, godtgjering til styret, aksjonæravtale m.m.

Mål for 2023



Samarbeide med gode krefter for å nå berekraftsmåla.

- Vi skal halde fram med å ettersørje berekraftige løysingar og produkt frå kundar og underleverandørar. Vi vil særleg jobbe med dei som tek eit ekstra samfunnsansvar.
- Vi forpliktar oss vidare til Grønnvaskingsplakaten, skal halde fram med å vere medlem av GRI (Global Reporting Initiativ), UN Global Compact og NHO Abelia.
- Vi skal få godkjent Miljøfyrtårn-konsulent for å hjelpe kundar å bli Miljøfyrtårnsertifisert.
- Vi vil samarbeide meir med kommunar, tiltaksapparat og næringsliv om berekraftsprosjekt, og bidra med tid, ressursar og kompetanse inn i Ungt Entreprenørskap.

Mål 3:



Kundar, lokalsamfunn, samarbeidspartnarar, styresmakter og andre interessentar skal oppleve tillit til selskapet og måten den blir driven på.

- Vi skal kjenne kunden godt, sikre god tone og sjå til at det som blir gjort er i samsvar med strategi.
- Vi skal bruke digitale prosjektstyringsverktøy som gir kunden forløpende innsyn i prosessar og tidsbruk.
- Vi skal som hovudregel gjere skriftlege avtaler i samsvar med statens standardavtaler. Avtale om oppdrag under NOK 100' kan gjerast enklare.
- Vi skal rapportere til GRI og UN Global Compact etter deira standarder.
- Selskapet skal ha tilsette og underleverandørar som kan dokumentere kunnskap og kompetanse.
- Vi skal vurdere it-tryggleik og personvern årleg. Kompetanse og rutinar skal minimere risiko for angrep som set selskapet og kundane i fare.



Bidra til meir ansvarleg forbruk.

- Kurs og workshops skal resultere i at kundar blir meir medvitne om strategi og ansvarleg forbruk. Dei skal også bli motivert til å dele berekraftsinformasjon internt og eksternt.
- I 2022 var dette tema i kundesamtaler både i prosjekt og rådgjeving. Selskapet inngjekk i 2022 avtale med Sunnfjord Utvikling AS om eit modulbasert tilbod til næringslivet i Sunnfjord.
- Vi skal jobbe for auka gjenbruk og kjeldesortering – både internt i kontorfellesskapet og med våre kundar og leverandørar.
- Kurs og workshops skal gje kunnskap om berekraftsmål på ein engasjerande og positiv måte. Vi skal ha ein tilfredsheitsscore som i snitt er god eller svært god.
- Når vi hjelper kundar med arrangement, tilrår vi at dei ikkje brukar eingongsprodukt i plast, at dei unngår matsvinn og at arrangementa er mest mogleg miløvenlege.

Mål 2:

Anne Mette Hjelle

Eigar/dagleg leiar
27.06.2023

Dag Solheim

Styreleiar
27.06.2023